



Kommunal planstrategi for Bygland kommune

2016 – 2020

Versjon 20.01.2018

(Sak nr 2018 / 4 i Element)

Vedteken i kommunestyret den 8.02.2018, k – sak nr 08 / 2018

1. Bakgrunn

Kommunal planstrategi er eit planverktøy som kom med plan – og bygningsloven av 2008. Føremålet er å klargjere kva oppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ynskt utvikling i kommunen.

Kommunen har no plikt til å utarbeide kommunal planstrategi minst ei gong pr valperiode og den skal vedtakast seinast eitt år etter kommunevalet.

Kommunal planstrategi skal famne om kommunen sine strategiske val knytt til utviklinga av kommunesamfunnet. Det gjeld både langsiktig arealbruk, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sine planbehov i valperioden. If Miljøverndepartementet sin rettleiar bør strategien innehalde:

- Utgreiing for utviklingstrekk og utfordringar knytt til samfunnsutviklinga og miljø
- Drøfting av hovudtrekka i ein langsiktig arealstrategi (prinsipp for romlig utvikling, både for å ivaretake samordning, utbygging og vern av område)
- Vurdering av sektorane sine planbehov
- Vurdering av prioriterte planoppgåver og behovet for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

Planstrategiarbeidet skal vere tilpassa kommunen sitt behov og situasjon, der fokus er planbehovet både i høve for revisjon av kommuneplanen, og kommunen si planlegging elles. Anten det er planar som følgjer plan – og bygningslova eller tema - og sektorplanar.

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for kommunestyret til å avklare kva planleggingsoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å møte kommunen sine behov. Eit viktig siktemål er å styrke den politiske styringa av kva for planoppgåver som skal prioriterast. Arbeidet med kommunal planstrategi skal gjeve ei betre og meir systematisk vurdering av kommunen sine planbehov slik at kommunen betre kan møte dei aktuelle utfordringane.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal kommunestyret take stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast. Planstrategien er også eit eigna verktøy for å vurdere kommunen sitt plansystem, planresursar og samla planbehov i valperioden knytt til kommunedelplanar, tema – og sektor (fag) planar.

For ytterligare bakgrunn til arbeidet med kommunal planstrategi, så vert det synt til følgjande link:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/83801c9c858d402ea2958e1930fc421a/t-1494.pdf>

2. Framdriftsplan

Mai – september 2016:

Rådmannen førebur planstrategiarbeidet

September:

Handsaming av forslag til planstrategi i Plan – miljø – og resursutvalet og formannskapet og evt utlegging til off ettersyn i 30 dagar. Høyringsfrist 01.11.2016.

Etter 01.11.2016

Innarbeiding av eventuelle merknadar frå høyringsprosessen

November / Desember 2016

Handsaming og vedtak i kommunestyret

3. Planstatus og evaluering

Eit godt plansystem er viktig for å sikre gjennomføring og vedtekne målsetjingar. Nokre planar skal leggje dei **overordna målsetjingane**, medan andre planar skal vise korleis **måla skal nåast**. Gjennom handlings – og økonomiplanen tildelast årleg ressursar for gjennomføring.

Kommuneplanen skal vere den omfattande og sektorovergripande planen som inkluderer heile kommunen si verksemd. Likevel vil det innan fleire fagområde vere behov for eigne planar. Det er to hovudårsaker til dette:

1. Behov for styringsverktøy og ei prioriteringshjelp både for administrativt og politisk nivå.
2. Behov for planar som går i djupna og utviklar fagområde.

Optimalt, så bør ein kommune ha så få planar som mogleg. Dersom kommunen har for mange planar, så bidreg dette til å svekkje kommuneplanen som styringsdokument. I tillegg reduserer det oversikten i kommunen. Det er betre med få, meir omfattande planar framom mange små planar.

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna plandokument og gjev rammene for utvikling av kommunesamfunnet og forvaltninga av arealressursane. Den definerer visjon og verdiar, samt langsiktige mål og strategiar. I kommuneplanen inngår ein samfunnsdel og ein arealdel. Målsetjingar og strategiar frå samfunnsdelen blir konkretisert i arealdelen og kommunen sin handlingsdel. **Økonomiplanen bør implementerast i kommuneplanen sin handlingsdel.**

Kommunedelplan er ein plan for bestemte område, tema eller verksemdsområde. Den skal gjeve mål og strategiar forankra i på dei langsiktige måla gjeven i kommuneplanen. Slike planar skal ha ein handlingsdel som blir rullert årlig. Det kan også utarbeidast kommunedelplanar for arealbruk. Ein kommunedelplan om areal har same juridiske verkand som ein kommuneplan. Kommuneplanar må følgje plan – og bygningsloven sine krav om planprogram, medverknad, høyringsperiode og handlingsdel.

Både kommuneplanen og tematiske kommunedelplanar skal ha ein handlingsdel som vert revidert årlig. Den skal gjeve korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra, eller meir. Kommuneplanen sin handlingsdel (økonomiplanen) gjev grunnlaget for kommunen sine prioriteringar av ressursar, planleggings – og samarbeidsoppgåver og konkretiserer tiltaka innaføre kommunen sine økonomiske rammer. Planar utaføre plan – og bygningsloven kan også ha handlingsdelar.

Reguleringsplan er eit detaljert reguleringsplankart med bestemmingar for bruk, vern og utforming av areal og fysiske tiltak. Reguleringsplan kan utformast som områderegulering eller detaljregulering.

Fag – og temaplanar er utarbeida for å take vare på eit bestemt fagområde eller tema. Dei skal beskrive utfordringane for det aktuelle feltet, gjeve mål og definere strategiar for å nå måla. Plansystemet gjev i dag ikkje klare føringar på når kommunedelplan bør veljast framføre ein fag – og temaplan. Kommunar utarbeider planar for å ivaretake forvaltninga av sine ansvarsområde med utgangspunkt i lokale forhold. Fleire slike planar er lovpålagde, medan andre må utarbeidast for å sikre juridisk heimel i forvaltninga. Mange oppstår pga politiske og eller administrative behov, t d ein næringsplan.

Tiltaksplan (handlingsplan) inneheld konkrete forslag til tiltak for å oppnå ynskta målsetjingar. Planen bør innehalde ei utgreiing av dagens status samt forslag til tiltak, inkludert ansvar, kostnad og tidsfristar. Det er **viktig** at tiltaka vert vidareført i handlingsdelen (med økonomiplanen), slik at planane vert inkludert i det kommunale eittårshjulet.

3.1 Gjeldande kommuneplan – vurdering av revisjonsbehov

Kommunestyret i Bygland vedtok i møte den 22.02.2011, sak nr 18 / 11 gjeldande kommuneplan.

Arealdelen skal gjeve hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for kva nye tiltak og arealbruk som kan setjast i verk, samt kva viktige omsyn der må takast med disponeringa av areala.

Kommuneplanen består av ein arealdel og ein samfunnsdel. Arealdelen gjev oversikt over godkjende reguleringsplanar og framtidige område for utbygging. Vidare er det til kvar av dei framtidige utbyggingsområda laga ein planomtale.

Erfaringane med planen er relativt greie, men fleire faktorar tilsei at den bør reviderast.

Årsakene til dette i høve arealdelen er:

1. Fleire endringar i plan – og bygningsloven etter 2011 som må innarbeidast.
2. Mange avsette framtidige utbyggingsområde er urealistiske.
3. Mange dispensasjonshandsamingar, også i område som det skulle heller vori utarbeida reguleringsplan for. Revideringsarbeidet bør fokusere på i positiv forstand, at ein kommuneplan er eit klårt styringsdokument som det ikkje skal vere kurrant å fråvike.
4. Klarere meir rasjonell handsaming av dispensasjonssaker.
5. Få implementert flaumgrenser og fleire fareområde
6. Få implementert fleire overordna planar som t d Heieplanen.
7. Fleire av bestemmingane er uhensiktsmessige og ufullstendige
8. Det er mange eldre disposisjonsplanar for hytteområde, også nære fjorden. Alle desse er mangelfulle samanstillt med dagens plankrav. Her må gjerast ei vurdering på om desse skal opphevast eller vidareførast, og om det er hensiktsmessig å leggje ned mellombels byggjeforbod inntil revidert reguleringsplan føreligg.
9. Sjå meir på moglegheitene for spreidd bustadbygging i uregulerte (LNF) område
10. Med tanke på utviklinga i aukande talet eldre, så bør det satsast på utvikling av meir sentrumsnære bygg, som kan fungere for eldre. Av omsyn til heimhjelpstenester mv så vil det vere ein føremon.

Når det gjeld samfunnsdelen, så bør mål og visjonar samanfalle med dagens politiske samansetning. Kommuneplanen vart ikkje revidert i førre kommunestyreperiode, og her er grunn til å føreslå revisjon på dette også, sidan færre av dagens kommunestyremedlemmer var med å godkjende planen i 2011.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein langsiktig plan og ei brei samfunnsmessig tilnærming, som konkretiserer **politiske mål, strategiar og visjonar** for utviklinga i Bygland kommune. Planen bør trekkje opp visjon og mål for kommunen både som **samfunn, som myndigheit og som tenesteytar**. Den skal peike på behov på ulike samfunnsområde og seie noko om korleis behova skal dekkjast, og den skal leggje grunnlag for viktige prioriteringar og bruk av verkemiddel. Dagens samfunnsdel tek utgangspunkt i følgjande:

- Auke folketalet i Bygland kommune som det overordna målet.

Vidare:

- Styrke busettinga i heile kommunen
 - Skape tru op innovasjon og utvikling
-
- Arbeide for eit positivt omdøme for Bygland kommune
 - Utvikle og satse på eigne resursar, eigenart og kvalitetar.

Rådmannen si vurdering er at målsetjingane og intensjonane er gode og like dagsaktuelle. Ein føreslår likevel å revidere også samfunnsdelen fordi det vil vere hensiktsmessig for å revitalisere eit sterkt eigartilhøve til samfunnsdelen. Her tykkjest også vere eit behov for å «rydde» litt i opplistinga for å gjere det endå tydligare kva måla er, samstundes som ein bør fokusere på korleis ein når måla. Kva «verky» har kommunen til å nå måla, og kva verky treng me ?

3.2 Nasjonale forventningar og regionale interesser

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser regjeringa forventar at fylkeskommune og kommune legg særlig vekt på i planlegginga komande år. Kommunen har ansvaret for å finne heilskapelege løysingar, der både lokale tilhøve og lokalpolitiske interesser og omsyn vert ivareteken saman med nasjonale og viktige regionale interesser.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/nasjonale_forventninger_bm_ny.pdf (vedteken i kongelig resolusjon 12.juni 2015) blir det gjeve tri hovudpunkt som skal ein skal strekkje seg etter :

- **Gode og effektive planprosessar:** Her vert det teke sikte på å innføre enklare regelverk, og det er m a innført nye tidsfristar i plan – og bygningslova, noko som skal sikre raskare plansakshandsaming. For små kommunar kan dette vere utfordrande i høve tilgang på kompetanse og tid til å fokusere på planoppgåvene. Her er også målsetjingar om å leggje opp til betre samarbeid og gode prosessar for å redusere bruk av innsigelsar, men også å redusere tidsbruk i planlegging der det føreligg motstridande interesser.
- **Berekraftig areal – og samfunnsutvikling:** Dette omhandlar kommunane si sentrale rolle som utviklingsaktør og planmynde. Her er ei forventning om at kommunane skal arbeide for eit **sikkert, vekstkraftig og miljø – og klimavenleg samfunn.** Her skal leggjast vekt på reduksjon i klimagassutslepp, energiomlegging, og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustadar, infrastruktur og tenester. Det skal takast omsyn til klimaendring og risiko – og sårbarheit for kommunen sine område planlegging og sakshandsaming.
- **Attraktive og klimavenlege by – og tettstadsområde:** God planlegging er avgjerande for å sikre effektiv arealbruk, eit miljøvenleg transportsystem, tilstrekkeleg bustadbygging, sunne og trygge omgjevnadar og levevilkår for alle.

For å sikre ei målretta planlegging bør planstrategiane brukast aktivt og trekkje opp dei viktigaste utfordringane for regional og lokal utvikling. Det må leggast opp til aktiv bruk av IKT i planlegginga, som vil opne for innsyn og medverknad for innbyggjarane.

Regionplan Agder 2020 <http://regionplanagder.no/> blei i juni vedteken av fylkestinga i Aust – Agder og Vest – Agder. Denne erstattar tidlegare fylkesplanar. Hovudmålet i regionplanen er å utvikle ein sterk og samla landsdel som er attraktiv for busetjing og næringsutvikling både i kystsona og i dei indre distrikta.

Gjennom prosessen knytt til regionplanen er det ei samling om fem hovudsatsingsområde:

- 1) KLIMA: høge mål – låge utslepp
- 2) DET GODE LIVET: Agder for alle
- 3) UTDANNING: Verdiskaping bygd på kunnskap
- 4) KOMMUNIKASJON: Dei viktige vegvalga
- 5) KULTUR: Oppløvingar for livet

Fylkesutvala i Aust – og Vest – Agder har vedteke at det skal utarbeidast eit felles forslag til Regional planstrategi 2016 – 2020. <https://www.austagderfk.no/tjenester-og-fagfelt/samfunnsplanlegging/regional-planstrategi/> Dette forslaget var lagt ut på offentlig høyring med høyringsfrist 01.06.2016

Planstrategiforslaget legg opp til at ein i komande periode skal ha hovudfokus på oppfølging og samordning av eksisterande planar og strategiar, samt rullere / revidere dei planane som er nødvendige. Planstrategiforslaget inneheld forslag om to nye regionale strategiar:

- Regional sykkelstrategi for Agder
- Regional kompetansestrategi for Agder

I tillegg er det føreslege at «Felles plan for folkehelse og levevilkår i Agder 2010 – 2013» blir oppheva og vert erstatta av ein ny folkehelsestrategi for Agder.

Det vart også lagt fram forslag om ein heilskapleg for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring samt ein førespurnad om attendemelding på at ein skal utarbeide ein felles regional plan for senterstruktur og hande i Agder.

Gjeldande regionale planar som har innverknad på Bygland kommune:

Regionale planar:

- Regionplan Agder 2020: <http://regionplanagder.no/>
- Regional plan for likestilling, inkludering og mangfald Agder 2015 – 2027 (LIM planen) <http://regionplanagder.no/planer-og-strategier/lim-planen/>
- Internasjonal strategi for Agder (2012) <http://www.vaf.no/media/3327637/Internasjonal-strategi-for-Agder.pdf>
- Strategi for forskning, utvikling og innovasjon i Agder 2015 – 2030 <http://docplayer.me/2750332-Strategi-for-forskning-utvikling-og-innovasjon-i-agder-2015-2030.html>

Folkehelse:

- Felles plan folkehelse og levevilkår i Agder 2010 – 2013 http://www.vaf.no/media/1960960/fellesplan_til_web_9oqk2.pdf
- Strategi for folkehelse i Aust – Agder 2014 – 2015 <https://www.austagderfk.no/contentassets/2379493b77914c74b80bf43a97f0c314/strategi-for-folkehelse-i-aust-agder-2014-2015.pdf>

Klima og miljø:

- Energiplan Agder (2007)
http://www.vaf.no/media/1960948/energiplan_for_agder_c2qhr.pdf

Kultur og idrett:

- Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet – lokale og regionale kulturarenaer i Aust – Agder 2014 – 2017
<https://www.austagderfk.no/contentassets/ed3e49480f3f483aa0da16ddac797b2b/aktive20austegder20-20folkehelseplan.pdf>
- Strategisk plan for kunst og kulturformidling 2016 – 2019
<https://www.austagderfk.no/vare-virksomheter/aust-agder-bibliotek-og-kulturformidling/planer-og-prosjekter/strategisk-plan-for-kunst-og-kulturformidling/>
- Enkelt, nært og gratis. Strategisk plan for biblioteksutvikling i Aust – Agder 2013 – 2016
<https://www.austagderfk.no/vare-virksomheter/aust-agder-bibliotek-og-kulturformidling/planer-og-prosjekter/bibliotekplan-/>
- Museumsplan for Aust – Agder 2002 – 2005 Arbeid for ny plan starta opp i 2016.

Kulturminnevern:

- Strategisk plan for kulturminner og kulturmiljø i Aust – Agder 2014 – 2017. Eit godt varp
<https://www.austagderfk.no/tjenester-og-fagfelt/kulturminnevern/-et-godt-varp-2014-2017-/>

Naturforvaltning og friluftsliv:

- Regional plan for vannforvaltning i vannregion Agder 2016 – 2021
<http://www.vannportalen.no/globalassets/vannregioner/agder/agder---dokumenter/plandokumenter-2016-2021/vedtatt-av-fylkesting/regional-plan-for-vannforvaltning-for-vannregion-agder-02052015.pdf>
- Regionalt tiltaksprogram for vannregion Agder 2016 – 2021
<http://www.vannportalen.no/globalassets/vannregioner/agder/agder---dokumenter/plandokumenter-2016-2021/vedtatt-av-fylkesting/regional-tiltaksprogram-for-vannregion-agder-020502015.pdf>
- Mål for forvaltning av elg og hjort 2012 – 2015
<https://www.austagderfk.no/contentassets/780ae0a8e6074608836d58e8369afebc/mal-for-elg-13.12.2011.pdf>
- Landbruksmelding for Aust – Agder (2012)
<https://www.austagderfk.no/contentassets/780ae0a8e6074608836d58e8369afebc/landbruksmelding-for-aust-agder-2012-nettversjon.pdf>

Næringsutvikling:

- VINN Agder – Regional plan for innovasjon og berekraftig verdiskaping Agder 2015 – 2030
<http://www.regionplanagder.no/planer-og-strategier/vinn-agder/>
- Besøk Agder 2030. Besøksstrategi for Agder 2015 – 2030
<http://www.vaf.no/media/5900320/Besok-Agder-2030.pdf>
- Strategi for forskning, utvikling og innovasjon i Agder 2015 – 2030
http://www.regionplanagder.no/media/5790104/FoU-strategi_vedtatt.pdf

Samferdsel:

- Regional transportplan Agder 2015 – 2027 (RTP)
<https://www.austagderfk.no/contentassets/b57333b55b6f41ab8da5046deacc3c09/rtp-vedtatt-versjon-16-juni.pdf>
- Handlingsprogram for fylkesveier for Agder 2015 – 2017
<https://www.austagderfk.no/contentassets/a5ecc3eb12514538a6a2f111f8de762d/handlingsprogram-2015---2017-vedtatt.pdf>
- Strategiplan for trafikksikkerhet for Agderfylkene 2014 - 2017
<https://www.austagderfk.no/contentassets/d6da8d4c5a974f4a8ada40c934c01921/ts-strategi.pdf>

Samfunnsplanlegging:

- Regional plan for senterstruktur og handel i Aust – Agder

Tannhelsetenesta:

- Tannhelseplan for Aust – Agder 2015 – 2018

Utdanning:

- Rusplan for vidaregåande skular (2014)
https://www.austagderfk.no/contentassets/6458a148c33e4ca583de1910f941d8dd/rusplan_30062014.pdf
- Overordna strategi for pedagogisk bruk av IKT 2014 – 2016
<https://www.austagderfk.no/contentassets/890f86acffd4792a28042d1d5a0067a/overordnet-strategi-for-pedagogisk-bruk-av-ikt-2.pdf>
- Videregående skoler – skolestruktur og utfordringer (2013)

3.3 Interkommunale samarbeid

Bygland kommune har i dag fleire interkommunale samarbeid. Følgjande gjev ein oversikt:

1. Setesdal brannvesen IKS
2. Setesdal miljø og gjenvinning IKS
3. Agder kommunerevisjon
4. Konesjonskraftfondet IKS
5. Aust – Agder museum og Arkiv IKS
6. Setesdalsmuseet IKS (skal fusjonerast med Aust – Agder museum og Arkiv på sikt)
7. SETPRO AS

Vertskommunesamarbeid:

8. Setesdal IKT
9. Setesdal Regionråd
10. Setesdal barnevern
11. Setesdal PPT
12. Beredskap for akutt forureining
13. Agder sekretariatet
14. LMT – Setesdal
15. Veterinær
16. Kulturskule
17. Jordmor -, kommuneoverlege og legevaktsamarbeide med Bygland

18. KØH – døgntilbod
19. Felles skogbrukssjef med Valle og Bykle.

Her er også utarbeida fleire planar / rapportar som er felles for samarbeidskommunane.

1. Felles ROS – analyse for Setesdal (er under revisjon)
2. Prosjektrapport om helsesatsinga i Setesdal 2009 – 2012 forut for etableringa av LMT
3. Interkommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Den kommunale planstrategien er også ein arena for å avklåre planoppgåver som kan løysast gjennom interkommunalt samarbeid. Dette kan gjelde både innaføre samfunnsplanlegging, arealplanlegging og tenesteyting.

I brev datert 29.04.2015 frå kommunal - og moderniseringsdepartementet er tilhøvet mellom kommunal planstrategi og kommunereforma gjort synleg. Regjeringa legg opp til ei kommunereform som skal gjeve større og meir robuste kommunar med auka mynde. Målet er lokaldemokrati som kan ivaretake og sikre verdiskaping og velferd. Kommunestyret vedtok den 22.06.2016, sak nr 50 / 16:

Bygland kommune vert vidareført som eigen kommune

Det vert igongsett arbeid med å analysere kommuneadministrasjonen for å finne ut om det er fornuftig å etablere ytterligare samarbeidsordningar.

4. Kommunen sitt arbeide med utfordringsbilde i perioden 2011 – 2015

Som mange distriktskommunar, så er det også i Bygland vanskeleg å auke folketalet, som har vori ei målsetjing jf gjeldande kommuneplan. Folketalsutviklinga er negativ, noko som tabellen under syner.

År	Folketal pr 1. januar
1. kvartal 2016	1 204
2015 *	1 189
2014	1 200
2013	1 207
2012	1 219
2011	1 239
2010	1 223
2009	1 225
2008	1 242
2007	1 272
2006	1 296
2005	1 327
2004	1 308
2003	1 296
2002	1 314
2001	1 341
2000	1 351

Tala er henta frå SSB sine databasar for folketalsutvkling.

Hovudmålsetjinga i gjeldande kommuneplan om å auke folketalet i kommunen er ikkje innfridd. Årsakene til dette er mange og vanskelege å forklåre utan å bruke store resursar på ei analyse. Stikkord ein kan tenkje seg er vesentlege for talet innbyggjarar er:

- arbeidsplassar,
- bustadtilbod,
- mindre mangfald i sosiale miljø,

På den andre sida er det relativt stor innpendling til kommunen. Byglandsheimen og KVS – Bygland er relativt store arbeidsplassar der nabokommunane bidreg med arbeidskraft.

Å snu folketalsutviklinga vil ikkje vere eit arbeid som kan gjerast over natta. Fokus på strategisk og overordna planlegging og resursar for å ha reelle moglegheiter til å følgje opp, må takast på alvor. Ofte tykkjest det vere mest fokus på dagleg drift og ein gløymer ofte at det kvardagslige må setjast inn i ein større samanheng. Dette er ei utfordring både på administrativt og politisk nivå. Det dragast og ynskjast i mange retningar og ein misser / gløymer å fokusere på kvar den gyldige styringsinformasjonen ligg. T d så er ein vedteken reguleringsplan eit gyldig styringsmål. Det same er vedtekne budsjett og økonomiplan.

Kultur for høgt fokus på, og aksept for å bruke resursar på planlegging inn i framtida må prioriterast. Planane ein lagar må brukast aktivt og setjast inn i system for både revisjon og oppfølging.

Erfaringane, endringar i regelverk og manglande måloppnåing med gjeldande kommuneplan tilsei revidering for å søkje etter sterkare konkretisering og tydligare arbeidsmetodar for å nå måla.

5. Planoversikt

Planoversikten må følge den årlege budsjett – og økonomiplanlegginga.

5.1 Planer og plandokumenter etter plan- og bygningsloven

Forkortingar i tabellane om tenesteeiningane

- DFV = Drift og forvaltning
- RM = Rådmann
- P&A = Personal og administrasjon
- Ø&N = Økonomi og næring
- NAV
- Helse
- P&O = Pleie og omsorg
- FHK = Folkehelsekoordinator
- IFK = Plan for idrett, friluftsliv og kultur

Planstrategi

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Planstrategi	DFV	U.arb	Intern	Slutt			
Revidert i k – sak nr 08/2018 den 8.02.2018						X	

Kommuneplan

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Kommuneplanens <i>Samfunnsdel</i> ¹	DFV	Ny plan	Intern			Start	Slutt
Kommuneplanens <i>Arealdel</i>	DFV	Ny plan	Intern + ekstern			Start	Slutt

Rullering av kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen, er førsteprioritet. PMR er styringsgruppe for arbeidet. Bygland kommune skal basere seg på egne krefter i arbeidet så langt råd.

Kommunedelplaner

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Kommunedelplan for IFK med handlingsprogram for IFK- plan	P&A	Revisjon	Intern	Årleg	Årleg	Årleg	Årleg
Strandsoneplan	DFV		Intern	Impl i ny kommuneplan.			
Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljø (kan få midlar av riksantikvaren i 2017)	RM, DFV, Ø&N, P&A		Intern + IKsa			Start	Slutt

¹ Samfunnsdel med strategisk folkehelsearbeid, likestilling/integrering/mangfold, klima, universell utforming

Større reguleringsplaner i kommunal regi

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Omregulering av detaljplan for Prestneset Sør	Eiga arb gruppe	U arbeid	Intern + ekstern	Start			
Detaljplan for område BFK 4 i Bygland sentrum	DFV	U arbeid	Intern + ekstern				
Detaljplan for utvikling av Ose (I samarb med SVV)	DFV	U arbeid	Intern + ekstern		Start		
Revidering av reguleringsplan for Byglandsfjord	DFV						
Detaljplan for Grendi Nord	DFV					Start	

Planen for Prestneset må kome fram til politisk handsaming snarast råd. Det vert møte i styringsgruppa i månadsskifte januar / februar (2018)

Kommunestyret vedtok i desember å nytte ekstern kompetanse til Oseplanen. Rådmannen vil snarast hente inn tilbud på dette planarbeidet. PMR sett dette planarbeidet på saklista til neste møte (30.01.2018) for å få orientering om planen så langt, og for å drøfte politisk oppfølging av planen. Eit eige utval underlagt PMR for politisk oppfølging av planarbeidet er aktuelt.

Det er semje om å ta det med ro med omsyn til å få fram BFK4. Med omsyn til bustader ser ein Prestneset som både meir attraktivt og meir aktuell, det er for tida gode og attraktive forretnings – og kontorlokale ledige i Bygland.

Rullering av sentrumsplanen på Byglandsfjord blir sett på vent av omsyn til kapasiteten kommunen har og vil få med planarbeidet.

Grendi Nord er aktuell som følge av aktiviteten på Landeskogen, men kapasitet gjev problem med å få gjort arbeidet. Det skal bli henta inn tilbud – opsjon – i samband med tilbodsinnhenting til Oseplanen.

Planer og styringsdokument etter kommunelova

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Kommuneplanens handlingsdel: Økonomiplan og årsbudsjett	RM, Ø&N	Årleg revisjon	Intern	Start Slutt	Start Slutt	Start Slutt	Start Slutt

Sektorplaner og andre temaplaner

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Personal- og organisasjonsplan (Personalhandboka)	P&A						
- Rekrutteringsplan			Internt alt ihop	Årleg			
- Lønnspolitisk plan / lønnsplitikk				Ferdig			2020
- Likestillingsplan				Ferdig			2020
- Seniorpolitikk				Ferdig			2020
Helse- og omsorgsplan herunder:	Helse / PLO		Intern	Start	Slutt		
- Interkommunal Rusmiddelpolitisk handlingsplan	Helse		Intern	Slutt			
- Smittevernplan og pandemiplan	Helse		Intern	Slutt			
Oppvekstplan herunder:	Oppv.		Intern		Start / Slutt		
- Handlingsplan mot mobbing				Start	Slutt		
- IKT – plan, Oppvekst		Ferdig	Intern / Ekstern				2020
Arkivplan	P&A		Internt	Start	Slutt		
Informasjonsplan	P&A			Start	Slutt		
Plan for informasjons-tryggleik	P&A.		Intern		Start	Slutt	
Trafikksikringsplan	DFV		Intern / ekstern		Start Slutt		
Plan for integrering	NAV	Ferdig	Intern	Slutt			
Klima – og energiplan	DFV		Intern + ekstern		Start Slutt		
Bustadpolitisk plan	NAV		Intern	Start	Slutt		???
Handlingsplan folkehelse	FHK		Intern. Alle	Start	Slutt		
Kommunal beredskapsplan:	DFV		Internt / alle	Årleg	Årleg	Årleg	årlig
Kommunal ROS analyse	DFV			Årleg	Årleg	Årleg	årlig
Næringsplan inkl landbruk	Ø&N / DFV					Start	Slutt
Områdeplan / skogtakst	DFV						start
Forv plan for Setesdal Vesthei landskapsvern - område	DFV		Inn i k-plan				

Regionale vassforvaltningsplanar inkl krypsiv.	DFV						
Områdeplan for ras - og erosjonssikring	DFV		Forarbeid til kommuneplan				
Heiplan	DFV		Inn i k-plan				
Sti -og løypeplan i Bygland kommune	Uavklart pr 2016					Start	

Formannskapet vil setje trafikksikringsplanen på sakskartet som orienteringssak i neste møte (31.01.2018).

Næringsplan inkl landbruk, tek næringsgruppa (ordfører, varaordfører og rådmann) ansvar for å få fram.

Oppfølging / gjennomføring / Tabell for måloppnåing

Plandokument	Ansvar	Status	Kompetanse	Forventa framdrift			
				2016	2017	2018	2019
Revidering av planstrategi, K - sak nr 08 / 2018						Feb 2018	